

Bergen kommune
Plan- og bygningsetaten
Postboks 7700,
5020 Bergen
postmottak.planogbygg@bergen.kommune.no

Bergen, 18.1.2021

Gnr. 39 bnr. 270 mfl. Hovudformål: Helse- /omsorgsinstitusjon. Detaljregulering.

Saksnr 201907632/54

Plankonsulent Asplan Viak fremmer på vegne av Bergen kommune detaljregulering for deler av Steinsvikkroken, gnr 39/270 m.fl. Steinsvik, Ytrebygda bydel.

Bakgrunnen for planarbeidet er sak 9-15 Boligmeldingen vedtatt i 2015 av bystyret om program for å skaffa differensierte og tilpassa bustader for folk med særskilte behov, som fell utanfor den vanlege bustadmarknaden (jf. byråds sak 34/17). Hovudformålet er å regulera for kommunale bustader med tilhøyrande infrastruktur og funksjonar for desse gruppene, inkludert ein personalbase og felles og privat uteareal, samt parkeringsplassar og areal til renovasjon.

Det er i etterkant av varsel om oppstart gjort endringar i plangrensa, som omfattar eksisterande fortau langs offentleg veg. Plangrensa er også avgrensa mot Steinsvikbekken. Deler av planområdet er i KPA 18 avsett til ytre fortettingssone, men på grunn av det store arealbehovet går byggeområdet også inn i grøntstrukturar i KPA og nærare vassdraget. I alt omfattar prosjektet 6 kommunale utleigebustader. I følgje gjeldande reguleringsplan er området regulert til friområde på land, sjø og vassdrag. Planen inneber altså ei reguleringsendring både i forhold til tidlegare planar og til KPA 18.

Naturverdiar og landskap

Det omsøkte området ligg på eit høgdedrag mellom boligområdet Steinsvikkroken Steinsvikvatnet og friområdet med golfbanen. Steinsvikvassdraget er eit anadromt vassdrag der sjøauren frå Nordåsvatnet går opp for å gyta, og høgdedraget har ein variert natur med blanding av naturleg kystfuruskog på fastmark og våtmark og myr langs bekkedalane. Området ligg like ved der bekken frå Skeisvatnet og Steinsvikvatnet møter bekken frå Siljustøl. Steinsvikvassdraget er tidlegare klassifisert som verneverdig på grunn av sjøaurebestanden, som går opp i vassdraget, men har vore utsett for store inngrep i øvre deler, der fyllmasse er blitt dumpa rett ut i vassdraget i samband med Råstølen-utbygginga. Og gjennom Skeisvatnet går det ein kloakkledning som fører til lekkasje av forureining til nedre deler av vassdraget og til Nordåsvatnet. Sjøaurebestanden i vassdraget er difor sterkt truga og sårbar. I følgje fagrapporten er det sett av ei 15 meter brei kantsone langs vassdraget, dette er fem meter kortare avstand enn det som tidlegare er vedteke i Bergen (sml KPA 18). Det sperregjerdet som blir tilrådd, vil ikkje kunna hindra påverknad av forureining til vassdraget i form av miljøgifter

og partiklar, verken i anleggs- eller driftsfasen. Det er difor direkte uansvarleg av Bergen kommune å byggja i dette området. I tillegg til omsynet til sjøarebestanden kjem omsynet til det rike plante- og dyrelivet i området. Det er velkjent frå andre deler av Bergen at både fuglar og dyr gjerne følgjer trekkruter langs vatn og vassdrag, der det ofte er opnare terreng og tilgang på mat, hekkeplassar og grøne korridorar.

I dei private og offentlege merknadene og høyringsuttalane som er sett fram, blir også dette påpeika. Tiltaket medfører meir nedbygging i eit område som frå før har høg fortetting, noko som fører til forureining av vatn og luft, og mangel på grøne lungar og korridorar. Naturvernforbundet Hordaland vil vidare påpeika at utbygginga bryt med Naturmangfaldlova på viktige punkt, nemleg §8 og 9. Der blir det slått fast at naturinngrep må retta seg etter «føre var-prinsippet» og kravet om kunnskapsbasert forvaltning. Med god grunn kan det difor reisast krav om ein konsekvensanalyse før ein tek endeleg standpunkt til utbygginga. Også Fylkesmannen påpeikar på at Naturmangfaldlova må følgjast, og at vassdrag med kantsoner må vektleggjast.

Naturvernforbundet Hordaland vil særleg påklaga fagetaten sitt svar på høyringsuttalen frå Bergen Elveforum, der nærleiken til sårbart naturområde og sjøarebestanden i Steinsvikbekken blir understreka. Også Bymiljøetaten i Bergen påpeikar dette. Som argument blir framført frå fagetaten at «Det er utført vurderinger ihht. Naturmangfoldloven, - - som sikrer at det skal dokumenteres at overvann ikke gir forurensning til vassdrag og heller ikke føres ut i Steinsvikbekken som punktutslipp». Til dette er å seia at slike såkalla vurderingar er umogeleg å kontrollera, og dermed av relativt liten verdi. Dei snakkar også om ein «miljøoppfølgingsplan» som skal «vise tiltak som ivaretar gyte- og oppvekstvilkår for sjørret og hindrer forurensing av Steinsvikbekken». Naturvernforbundet Hordaland meiner at det er ikkje nok med ein plan som skal «visa tiltak»; dersom ein slik plan skal ha nokon verdi, må han vera forpliktande og ikkje berre laust snakk og lovnader om kva som skal skje i framtida. Fagetaten snakkar også i sine svar at det skal setjast opp eit byggegjerde rundt tomten, og meiner at det er ein «god måte» å sikra kantvegetasjonen mot Steinsvikvassdraget på. Etter vår mening er det vanskeleg å tru at dei meiner dette alvorleg. Naturvernforbundet minner igjen om kravet i Naturmangfaldlova om at utbyggar må følgja «føre var-prinsippet» og kravet om kunnskapsbasert forvaltning, noko som ikkje er tilfelle her.

Som eit apropos vil vi nemna at Bergen kommune påpeikar nærleiken til Steinsvikvassdraget og «faren for avrenning av partikler og annen forurensning til vassdraget. Steinsvikbekken er et svært viktig sjørretvassdrag og har en sterk bestand av sjørret. Det er derfor svært viktig å unngå forurensning til vassdraget både i anleggs- og driftsfasen». Det er då oppsiktsvekkande at kommunen ikkje tek konsekvensen av sine eigne vurderingar, og ser seg om etter alternative plasseringar for dei seks omsorgsbustadene i Ytrebygda, der dei ikkje medfører slike konsekvensar for natur, friluftsliv og nærmiljø som i dette tilfellet.

Friluftsliv og nærmiljø

Omsynet til friluftslivet er også eit sentralt punkt i merknadene. Det aktuelle området blir mykje brukt til fritidsaktiviteter, og er ein viktig innfallspurt til det 176 daa store Siljustøl-området. Steinsvikkroken er, saman med Siljustøl, det einaste større friområdet som er

igjen nord for Flyplassvegen mellom Rådalen og Flesland når Råstølen- og Sandsliutbyggingane er fullført.

Næraste nabo til den aktuelle utbygginga er Steinsvikkroken barnehage, som har levert vektige innvendingar mot utbygginga, og kommunen si eiga kartlegging har då også vist at fleire mykje brukte barnetråkk-ruter går over området eller like forbi. Sandslikroken barnehage set også fingeren på eit anna viktig punkt, som gjeld kvaliteten på barn og unge sitt oppvekstmiljø. Det er dårleg politikk å leggja ein institusjon for folk med «spesielle behov» i nærmiljøet til ein barnehage. Foreldre og tilsette har krav på at barna deira skal veksa opp i eit trygt miljø. Barns beste må få førsteprioritet. Her må det vera eit krav at kommunen gjer ei meir grundig kartlegging før dei tek endeleg avgjerd, slik at sårbare grupper ikkje blir sett opp mot kvarandre. Fagetaten sine svar på merknadene frå Sandslikroken barnehage er til dels feilaktige og misvisande. Det blir blant anna påstått at «*Barnetråkk-registreringene viser at området barnehagene bruker, ligger i hovedsak utenfor planområdet*», dette er direkte feil, noko som går fram av kartet på Fig. 22. Fagetaten skriv også at «*Kommunen har mange ulike boliganlegg i sentrale deler av byen, der det i dag kan være en uheldig blanding av barnefamilier og enslige rusavhengige*». Men det gjer altså ikkje noko om ei liknande samanblanding skjer i andre bydeler, slik som i Fana/Ytrebygda. Her er det ein slående mangel på konsekvens mellom bydeler.

Også Hordaland fylkeskommune påpeikar at «*barn og unge sine interesser må ikke påvirkes negativt av tiltaket*» og at «*skolevei og annen ferdsel/opphold i området må sikres trygge vilkår*». Til dette svarer kommunen at «*kravet er etterkommet*» fordi «*det er utført barnetråkkregistrering i planarbeidet*». Men kommunen har altså ikkje teke konsekvensane av denne registreringa.

Konklusjon

Naturvernforbundet Hordaland meiner at det omsøkte byggeprosjektet er i strid med Naturmangfaldlova sine krav om kunnskapsbasert forvaltning og «føre var-prinsippet» og om prinsippet om trygge oppvekstmiljø for barn og ungdom. Det er også i strid med viktige føringar i KPA 18 om sikring av grøntområder og blågrøne strukturar. Prosjektet bryt med alle prinsipp når det gjeld ei heilskapleg natur- og vassdragsforvaltning for eit anadromt vassdrag. Vi meiner at ei utbygging i dette området er svært uheldig både for Steinsvikvassdraget og for natur og friluftsliv i området, og vi vil på det sterkaste tilrå at det aktuelle området ved Steinsvikvassdraget blir bevart som natur- og friområde, og at det blir funne alternativ plasering av prosjektet, gjerne etter at det er utført ein grundig konsekvensanalyse.

For Naturvernforbundet Hordaland

Gabriel Fliflet
leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar